



KANDIDAT

604

PRØVE

JUS2002 1 Pengekravsrett

Emnekode	JUS2002
Vurderingsform	Skriftlig eksamen
Starttid	03.12.2019 08:00
Sluttid	03.12.2019 14:00
Sensurfrist	23.12.2019 22:59
PDF opprettet	03.11.2020 09:45

Seksjon 1

Oppgave	Tittel	Oppgavetype
i	Informasjon	Dokument
1	Del I - teori (vektes 1/3 av total karakter)	Langsvar
2	Del II - praktikum (vektes 2/3 av total karakter)	Langsvar

1 Del I - teori (vektes 1/3 av total karakter)

Foreldelse av kausjonskrav.

Skriv ditt svar her...

Foreldelse av kausjonskrav

Oppgåva tolkast slik at det skal gjerast greie for foreldingsreglane for kausjonskrav som følgjer av foreldelseslova. Det er dette som følgjer av ordlyden til oppgåveteksten. I denne oppgåva vil det først gjerast greie for kva foreldelse og kausjon er, før det vidare vil gjerast greie for foreldelsesreglane som regulerer kausjon i foreldelseslova. Det vil gjerast greie for fl. §§ 7, 24 og 25.

Foreldelse går ut på at ein fordringshavar etter ein viss tid tapar sin rett til oppfyljing av fordringa. Den alminnelege foreldingsfristen i Noreg er på 3 år, jf. fl. §2. Ved gjeldsbrev og pengelån er foreldingsfristen satt til 10 år, jf. fl. §5. Omsynet bak slike reglar kan for det første grunngjevast i eit slags beskyttelsesomsyn ovanfor skuldnaren, herav kalla debitor. Dersom debitor har innstilt seg på at han slepp å betale ei fordring, mellom anna fordi det er gått relativt lang tid, skal han sleppe å bli overrumpla med eit krav lenge etterpå. Ein kan difor seie at foreldingsreglane pålegg kreditor indirekte ein aktiviseringsplikt dersom han ynskjer oppfyljing av fordringa mot debitor.

Kausjon er ein garantiform der ein tredjeperson tek på seg eit garantiansvar for debtors betalingsvilje, betalingsevne eller begge delar. Når ein stiller som kausjonist for til dømes eit lån, påtek ein seg eit

mogleg betalingsansvar for fordringa ved misleghald frå fordringas debitor. Kausjonsavtalen er ein avtale mellom kausjonisten og fordringas kreditor, sjølv om det vanlegvis og i praksis er debitor som skaffar ein kausjonist dersom banken eller ein annan kreditor sett krav om det. Det finnast fleire typar kausjonar. Dei mest vanlege er simpel kausjon, sjølvskuldnar kausjon og påkravsgaranti. Skilnaden på desse går på kva kausjonisten garanterar for og når kreditor kan krevje kausjonisten. Ved ein simpel kausjon garanterer kausjonisten berre for betalingsevne, og kreditor kan berre krevje kausjonisten når det er godtgjort at debitor ikkje kan betale for seg. Ved ein sjølvskuldnarkausjon garanterar kausjonisten for betalingsevne og betalingsvilje, og kreditor kan krevje kausjonisten ved misleghald av betalingsforpliktinga. Ved ein påkravsgaranti påtek kausjonisten seg å betale ved påkrav frå debitor. Dersom det ikkje er haldepunkt for noko anna er det ein presumpsjon i norsk rett for at det føreligg ein simpel kausjon.

Utgangspunktet i norsk rett er at ein kausjon er aksessorisk med mindre det er haldepunkt for noko anna, jf. Rt. 2012 s.1267. At ein kausjon er aksessorisk vil seie at den er knytt til hovudfordringa.

Av fl. §7 1.punktum følgjer det at når ein fordring er sikra ved kausjon eller tilsvarande garanti, reknast foreldingsfristen etter dei same reglar som gjeld for hovudfordringa. Ein alminneleg språkleg forståing av ordlyden tilseier at kausjonens foreldingsfrist reknast for å gjelde like lenge som hovudfordringa gjeld. Dette vil seie at når hovudkravet foreldast, foreldast fordringa kreditor har mot kausjonisten også. Dersom det ikkje var slik, ville kausjonisten risikert å måtte betale forelda gjeld.

Vidare følgjer det av 2. punktum at det er utan betydning for berekninga at oppfyljing ikkje kan krevjast hos garantisten før betaling forgjeves er søkt hos hovudskuldnaren eller at garantien for øvrig har subsidiær karakter. Ein alminneleg språkleg forståing av dette tilseier at det ikkje er av betydning kva form for kausjon det stillast. Til dømes ved ein simpel kausjon må kausjonisten søkje dekning hos kreditor, før han går på

kausjonisten. Det er dette "forgjeves søkt hos" viser til.

Av fl. §24 følger hovudregelen om verknaden av forelding. Av denne bestemminga følger det at ved forelding tapar fordringshavaren sin rett til oppfylling. Dette gjeld også ved forelding av kausjonen.

Fordringshavaren kan ikkje krevje debitor når fordringa er forelda, og ein kreditor kan heller ikkje krevje kausjonisten når kausjonsansvaret er forelda. Ein motsatt regel vil føre til urimeleg resultat.

Av fl. §25 nr. 2 følger det at ved kausjon eller tilsvarande garanti anses fordringa mot garantisten som forelda når foreldinga er inntredd i forhold til hovudskuldnaren før fordringa er gjort gjeldande mot garantisten ved skritt som nemnt i fl. §§15 til 19, for så vidt ikkje anna følger av avtale. Bestemmelsen er deklarasjonsart, jf. "ikkje anna følger av avtale". Det betyr at kausjonisten og kreditoren kan avtale seg vekk frå dette. Vidare følger det av ordlyden at fordringa kreditor har mot kausjonisten anses som forelda når foreldinga er inntredd i forhold til hovudskuldnaren. Dette viser til at hovudforpliktinga og kausjonsforpliktinga foreldast samtidig.

2 Del II - praktikum (vektes 2/3 av total karakter)

Drøft og avgjør tvistene som finnes i oppgavetekstens del II, ved å ta stilling til alle krav og rettslige spørsmål som oppgavens faktum foranlediger, så vel de prinsipale som de subsidiære. I den grad det er relevant å ta stilling til størrelsen på pengekravene i oppgaven skal riktig beløp angis av kandidatene.

Skriv ditt svar her...

Tvist 1:

Twisten står mellom Peder Tastad og Gjøvik Energi.

Peder krev oppfylling av fordringane han har kjøpt av banken. Gjøvik Energi anfører at gjeldsbreva er forfalska.

Den overordna problemstillinga er om Peder kan krevje oppfylling av gjeldsbreva.

Det rettslege grunnlaget for å løyse tvisten er reglane i gbl. kap. 2, då det kjem fram av faktum at gjeldsbreva var omsetnadsgjeldsbrev.

Det første spørsmålet er om Peder kan ekstingvere innsigelsar frå Gjøvik Energi.

For at Peder skal kunne ekstingvere innsigelsar frå Gjøvik Energi må fem vilkår vere oppfylt, jf. §14 og juridisk teori.

Det første vilkåret er at banken som cedent må vere legitimert. Gbl. §13 regulerer kven som er legitimert til å rå over eit omsetnadsgjeldsbrev. Av bestemmelsen følgjer det at den som etter "teksten i gjeldsbrevet" eller ei samanhengande rekkje av skriftlege utsegner om avhendingar til namngjeven mann eller in blanco "synast" å vere rette innehavaren, er legitimert. Av faktum følgjer det at av teksten i gjeldsbrevet kjem det fram at dei var utstedt til banken som første fordringshavar. Objektivt sett må det for Peder klart kome fram i den gitte situasjon at banken "synast" å vere rette innehavar. Banken som cedent var følgjeleg legitimert.

Det andre vilkåret er at det har skjedd ein avhending som ledd i omsetning. Dette vilkåret utelukkar fordringar som er overdratt som til dømes gåver, eller vederlagsfritt i andre omstendigheiter. Peder kjøpte gjeldsbreva frå banken, og det har følgjeleg skjedd ei avhending som ledd i omsetnad. Vilkåret er oppfylt.

Det tredje vilkåret er at gjeldsbreva er overlevert til cesjonaren. Av faktum følgjer det at Peder fekk overlevert gjeldsbreva same dag som han kjøpte dei. Vilkåret er oppfylt.

Det fjerde vilkåret er at cesjonaren må vere i aktsam god tru. Peder hadde ingen grunn til å tvile på eksistensen av fordringane, særleg når

han kjøpar dei av ein så profesjonell part som det ein bank er. Som privatperson har ein vanlegvis stor tillit til bankar. Det følgjer av juridisk teori at terkselen heller ikkje er særleg høg. Peder må difor kunne reknast for å vere i aktsam god tru, og vilkåret er oppfylt.

Det femte vilkåret er at cesjonsavtalen må vere gyldig. Dette kan ikkje utleiast av lovteksten i gbl. §14, men har gode reelle grunnar for seg. Ein ugyldig avtale vil ikkje binde partane og ein avtale må vere gyldig for at den skal få verknad. Det er imidlertid avtalen mellom cedenten og cesjonaren som må vere gyldig. I faktum er det ikkje noko som tilseier at avtalen mellom Peder eller banken berer preg av noko form for ugyldigheit, og vilkåret må difor reknast for å vere oppfylt.

Samtlege vilkår er oppfylt og Peder kan ekstingvere innsigelsane som er nemnd i gbl. §15.

Delkonklusjonene er at Peder kan ekstingvere innsigelsar som er nemnd i §15.

Likevel har debitor, Gjøvik Energi, alltid innsigelsar som følgjer av gbl. §§16 og 17 i behald mot ein mottakar, cesjonar, som er i god tru.

Av gbl. §17 følgjer det at utgjevaren kan "likeins" gjere gjeldande at gjeldsbrevet er "falskt eller forfalska".

Av faktum følgjer det at samtlege av gjeldsbreva Peder hadde kjøpt var forfalskingar. Denne innsigelsen har Gjøvik Energi i behald og dei kan difor nekte å betale gjeldsbrevas pålydande til Peder. Sterke reelle omsyn og rimelegheitsomsyn tilseier at Peder ikkje kan krevje at Gjøvik Energi betalar forfalska gjeldsbrev.

Konklusjonen er at Peder ikkje kan krevje oppfylling av gjeldsbreva frå Gjøvik Energi.

Subsidiært:

For det tilfelle at Gjøvik Energi ikkje betalar fordringane, fremjer Peder eit erstatningskrav pålydande dei falske gjeldsbreva med renter mot banken. Tvisten står difor følgjeleg mellom Peder og banken.

I denne saka er det tale om cesjon av omsetnadsgjeldsbrev. Det rettslege grunnlaget for å løyse tvisten er følgjeleg gbl. §9, som regulerer det såkalla veritas-ansvaret ved overdraging av fordringar. Veritas-ansvaret er eit objektivt erstatningsansvar for cedenten ovanfor cesjonaren. At denne bestemmelsen kjem til anvending følgjer av overskrifta til gbl. kap. 1, som lyder "Ålmenngjeldande reglar".

Av gbl. §9 1.punktum følgjer det at når nokon avhender eit gjeldsbrev til eige eller pant, "svarar han for at kravet er til". Ein alminneleg språkleg forståing av dette tilseier at det er cedentens ansvar og risiko at fordringa eksisterer. Det følgjer vidare av ordlyden at ansvaret er objektivt, jf. "svarar han for" og juridisk teori. At ansvaret er objektivt betyr at cedenten er erstatningsansvarleg dersom kravet ikkje er til. Det følgjer vidare av almenne erstatningsreglar og juridisk teori at cedenten heftar for den positive kontraktsinteressa til cesjonaren ved veritas-ansvar.

Det første spørsmålet vert om banken er ansvarlege på grunnlag av veritas-ansvaret i gbl. §9.

Av faktum følgjer det at banken ynskja å selje gjeldsbreva raskt. Peder slo til og kjøpte 100 stk. gjeldsbrev for kr. 800 000. Ved forfallstida hadde verdien av gjeldsbreva stege frå kr. 1 000 000 til kr. 1 100 000. Banken anfører at dei ikkje hadde hatt noko høve til å oppdage forfalskingane eller etterspore kven som hadde blanda dei falske gjeldsbreva med dei ekte. Vidare anfører banken at dei har tusenvis av gjeldsbrev i bankvelvet sitt, og at rutinane ved handtering av gjeldsbrev var følgde.

Veritas-ansvaret er som tidlegare nemnd objektivt og anførsane til banken kan difor ikkje tilleggast vekt. Banken er ein finansinstitusjon som ein bør kunne stille strengare krav til enn privatpersonar eller andre mindre profesjonelle verksemder. Det er bankens ansvar og risiko at fordringa eksisterer ved overdraginga, og når fordringa ikkje "er til", heftar dei for dette etter veritas-ansvaret, jf. gbl. §9.

Delkonklusjonen er at banken er objektivt erstatningsansvarleg på grunnlag av veritas-ansvaret.

Spørsmålet vert vidare kor mykje Peder har krav på som erstatning.

Som nemnd heftar cedenten, banken, for den positive kontraktsinteressa til cesjonaren, Peder, ved veritas-ansvaret.

Når Peder har krav på den positive kontraktsinteressa betyr dette at han skal stillast som om avtalen vart gjennomført på riktig måte. Dersom avtalen vart gjennomført på riktig måte, kunne Peder krevd kr. 1 100 000 av Gjøvik Energi. Det er dette som er den positive kontraktsinteressa til Peder, og følgjeleg dette han kan krevje erstatta av Banken.

Delkonklusjonen er at Peder har krav på å få erstatta hans positive kontraktsinteresse med kr. 1 100 000 frå banken.

Av gbl. §9 2. punktum følgjer det eit unntak frå veritas-ansvaret i første punktum. Veritas-ansvaret gjeld ikkje ved gåvar, og heller ikkje når mottakaren visste at kravet ikkje var til, eller hadde grunn til mistanke om det.

Spørsmålet vert difor om Peder visste at kravet ikkje var til, eller hadde grunn til mistanke om det.

Av faktum følger det at Peder vart oppmerksom på at gjeldsbreva var forfalska når gjeldsbreva forfall. Forfalskingane var profesjonelt utførte, og det var ikkje kjend på marknaden at det sirkulerte forfalska gjeldsbrev blant dei ekte. Dette talar for at unntaket ikkje kjem til anvending i denne saka. Det følger imidlertid av faktum at Peder ikkje hadde noko kontakt med Gjøvik Energi. Dersom Peder hadde tatt kontakt og undersøkt er det ein sjanse for at Peder kunne funne ut at gjeldsbreva han satt med var forfalska. Likevel skal det mykje til å legge inn ein slik undersøkingsplikt for Peder i ein lovtekst som ikkje gir uttrykk for ein slik plikt. At ordlyden såpass klart ikkje gir uttrykk for ei slik plikt, må derfor utelukke dette.

Delkonklusjonen er at unntaka i gbl. §9 2. punktum ikkje kjem til anvendelse.

Konklusjonen er at Peder kan krevje erstatta kr. 1 100 000 frå banken.

Tvist 2:

Twisten står mellom Peder og Oline.

Marte fremjar eit regresskrav på kr. 400 000 mot Peder for innfriing av kausjonen. Peder vedgjekk at han var ansvarleg for restgjelda på hyttelånet, men meiner at han kunne betale regresskravet med erstatningskravet han hadde ovanfor banken for dei falske gjeldsbreva. Dette tolkast som eit krav om motrekning.

Den overordna problemstillinga er om Peder kan motrekne med erstatningskravet ovanfor banken mot Oline.

Av faktum følger det at Oline har tredd inn i bankens kreditorstilling. Dette kallast subrogasjon eller cessio legis og er vanleg der kausjonisten innfrir gjelda til debitor. Kausjonisten overtek då dei same rettighetane som den opprinnelege kreditoren hadde.

Motrekning i slike tilfelle reiser imidlertid eit par spørsmål. Ved cessio legis er det ikkje skjedd ein avhending av kravet, i det kausjonisten subrogerer seg inn i kreditors posisjon. Gbl. §§18, 25 og 26 regulerer difor ikkje motrekningsretten direkte i forholdet ved cessio legis, fordi desse føresett at det er skjedd ei avhending.

Spørsmålet vert difor kva rettsreglar som regulerer motrekningsadgangen til Peder.

Av gbl. §25 følgjer det at når nokon avhender eit gjeldsbrev, får ikkje mottakaren "betre rett" enn avhendaren, om ikkje anna følgjer av særlege rettsreglar. Av Rt. 1992 s.504 følgjer det at reglane i gbl. kap. 3 om enkle gjeldsbrev kan nyttast analogisk på enkle fordringar. I tillegg til dette er det hevda i juridisk teori at gbl. §25 gir uttrykk for eit alminneleg pengekravsrettsleg prinsipp. Dette har gode grunnar for seg, særleg i cessio legis-tilfella. Ved cessio legis trer som sagt kausjonisten inn i kreditors posisjon. Det ville vore til stor ulempe for debitor i ein slik situasjon dersom kausjonisten kan påberope seg ytterlegare eller betre rettigheitar enn det den opprinnelege kreditoren hadde. Også reelle omsyn talar for dette. Dersom kausjonistar kan tre inn i kreditorposisjonen og påberope seg betre rettigheitar, kan dette føre til misbruk av kausjonsstillingar. Eit døme på dette kan vere dersom ein konkurrent tar på seg eit kausjonsansvar for eit lån som motkonkurrenten har tatt opp. Dersom konkurrenten som stiller seg som kausjonist kan påberope seg betre rettar enn den opprinnelege kreditor, vil dette kunne føre til at kausjonisten gjer alt han kan for å slå motkonkurrenten konkurs. Dette ville stride med den alminnelege rettsoppfatninga. Gode grunnar talar difor for at gbl. §25 gjeld som ein alminneleg pengekravsrettsleg regel som også kjem til anvending i cessio legis-tilfella.

Delkonklusjonen er at Oline ikkje får betre rett enn banken.

Dersom banken framleis var kreditor kunne Peder motrekna etter dei alminnelege motrekningsvilkåra. Dette må difor også gjelde i cessio legis-tilfellet.

Dei alminnelege motrekningsvilkåra er utvikla gjennom domstolspraksis og juridisk teori. Det er følgjeleg tre hovudvilkår som må vere oppfylt. Krava må vere komputable, det må føreligge gjensidigheit og krava må vere oppgjersmodne.

At krava er komputable betyr at dei kan gjerast opp mot kvarandre. I dette tilfellet går begge krava ut på pengar, og vilkåret om komputabilitet er oppfylt.

Gjensidigheitskravet går ut på at hovudkrav og motkrav stammar frå dei same partane. A kan til dømes ikkje motrekne med eit krav han har på C mot B. I denne saka har Oline tredd inn i kreditorposisjonen og vilkåret om gjensidigheit er i utgangspunktet ikkje oppfylt.

At krava er oppgjersmodne betyr at frigjeringstida for motkravet komen og at motkravet har forfalle. Av faktum kjem det fram at frigjeringstida for regresskravet er komen, jf. gbl. §5. Vidare er erstatningskravet forfalle "straks" då kravsmannen seier i frå, jf. gbl. §5. Vilkåret om oppgjersmodenheit er oppfylt.

Delkonklusjonen er at Peder ikkje kan motrekne mot Oline.

Eit unntak frå gjensidigheitsvilkåret kan gjerast gjeldande dersom krava er konnekse. At krava er konnekse betyr at dei stammar frå samme rettshøve. Høgsterett uttalte i Rt. 1992 s.504 at det må påvisast eit "tilknytningsforhold" mellom krava som "gjør det rimelig" å seie at krav etter avtalane er oppstått i same rettsforhold. I dommen legg Høgsterett vekt på tre vurderingsmoment.

I dommen vart avtalane inngått på forskjellige tidspunkt. I denne saka oppstår krava på forskjellige tidspunkt. Erstatningskravet oppstår 1. mai 2019 og regresskravet oppstår 1. november. Momentet talar for at krava ikkje er konnekse.

Vidare legg Høgsterett vekt på om krava stammar frå same prosjekt. I denne saka høyrer regresskravet til eit hyttelån, medan erstatningskravet stammar frå eit heilt anna forhold, nemleg kjøp av gjeldsbrev.

Det siste momentet er at det føreligg eit løpande forretningsforhold. Det kan ikkje hevdast at det føreligg her. At det føreligg eit forretningsforhold tilseier at det må vere ein grad av næringsverksemd. Det er klart at det ikkje føreligg mellom Peder og Oline.

Delkonklusjonen er at krava ikkje er konnekse.

Konklusjonen er at Peder ikkje kan motrekne ovanfor Oline.

Tvist 3:

Tvisten står mellom Oline og Hans.

Oline fremjar eit regresskrav pålydande kr. 200 000 mot Hans og viser til at dei er samkausjonistar med ein halvpart kvar. Hans avviser kravet og viser til at eit slikt regresskrav ikkje forfall til betaling før det vart klart om Peder gjorde opp regresskravet.

Spørsmålet er om Oline kan krevje kr. 200 000 i regress frå Hans.

Reglane om regress og samskyld er i stor grad ulovfesta. Utviklinga av reglane har i stor grad vert lagt opp til domstolane, herunder særleg Høgsterett, og juridisk teori.

Høgsterett har uttalt at det følgjer av alminnelege rettsgrunnsetningar at den som har dekkja ein annans forplikting, normalt og som utgangspunkt har eit regresskrav i behald. Det er avskjæring av regress som krevjer særskild heimel, jf. Rt. 1997 s.1029 (Mofrakt)

Det følgjer vidare av Rt. 2010 s.664 at eit regresskrav treng etter vanleg rettsoppfatning ingen særleg heimel, og at det er tilstrekkeleg at ein har dekkja ein annans forplikting.

Oline og Hans var samkausjonistar for lånet til Peder. Det er alminneleg antatt at dersom det ikkje er haldepunkt for noko anna heftar kausjonistane solidarisk utad. Dette har gode grunnar for seg. For kreditor betyr dette at han kan krevje ein av kausjonistane for heile summen og derav raskt få dekkja sin fordring. Den som endar opp med å kausjonere heile summen har som oftast eit regresskrav i behald ovanfor den andre kausjonisten.

Anførselen til Hans om at regresskravet ikkje forfell til betaling før det er klart om Peder gjorde opp regresskravet kan ikkje få medhald. Av faktum følgjer det at Oline og Hans har påtatt seg kausjonsansvar for betalingsevna- og vilja til Peder. Dei har følgjeleg påtatt seg ein sjølvskuldnarkausjon, som forfell når debitor misleghaldar betalingsforpliktinga. Kausjonistane heftar solidarisk når debitor misleghalder, og kausjonen forfell ved misleghald.

Delkonklusjonen er at Oline har eit regresskrav mot Hans i behald.

Spørsmålet vert vidare korleis regressomgangen skal gjennomførast, herunder kor stor del Oline og Hans heftar for kvar for seg.

Gbl. §2 (2) er antatt å gi uttrykk for ein alminneleg pengekravsrettsleg regel om gjennomføringa av regressomgangen. Av denne bestemmelsen

følgjer at dersom ein betalar, kan han krevje frå kvar av dei andre det som skal falle på han "etter rettshøvet mellom dei". Ein alminneleg språkleg forståing tilseier at det er avtalen mellom kausjonistane som avgjer kor mykje kvar av dei skal dekkje. Det er antatt i teorien at dersom det ikkje er avtalt noko, heftar dei likt.

Det følgjer av faktum at Oline og Hans har avtalt at dei var ansvarlege for halvparten av kausjonsansvaret kvar. Dette vert difor lagt til grunn i regressomgangen og for restgjelda på kr. 400 000 heftar Oline og Hans difor for kr. 200 000 kvar. Oline kan difor krevje kr 200 000 av Hans.

Konklusjonen er at Oline kan krevje kr. 200 000 i regress frå Hans.

Tvist 4:

Tvisten står mellom Ole og Peder.

Ole krev kr 1 000 000 av Peder. Peder avviser kravet og meiner at fordringa er på kr 940 000.

Det første spørsmålet er om gjeldsbrevet som Peder utsteda er eit enkelt gjeldsbrev eller eit omsetningsgjeldsbrev. Gbl. §11 inneheld ein uttømmmande liste om kva som skal reknast for å vere eit omsetningsgjeldsbrev. Spørsmålet er om gjeldsbrevet er eit ordregjeldsbrev, jf. gbl. §11 nr. 2. Av denne bestemmelsen følgjer det at eit gjeldsbrev er eit omsetningsgjeldsbrev når det lyder på namn med tillegget "eller ordre" eller eit anna slikt tillegg. Bestemmelsen må til ein viss grad lesast i samanheng med gbl. §11 nr. 1.

Av gjeldsbrevet følgjer det at "Peder Tastad eller ordre, vedgår å skulde Kari Tastad 1 000 000 kroner". Gjeldsbrevet lyder følgjeleg på namn med tillegget "eller ordre", og er å rekne for å vere eit omsetnadsgjeldsbrev.

Peder anfører for det første at gjeldsansvaret måtte reknast for å vere nedbetalt med kr. 60 000. Ole meiner han ikkje treng å bry seg om innsigelsane til Peder. Spørsmålet vert difor Ole kan ekstingvere innsigelsane til Peder etter §15, jf. 4.ledd.

For at Peder skal kunne dette må fem vilkår vere oppfylt jf. tvist 1.

Det første vilkåret er at Kari er legitimert som cedent. Gjeldsbrevet er utstede til Kari, noko som følgjer direkte av gjeldsbrevet. Kari må reknast for å vere legitimert, jf. moment i vurderinga i tvist 1. Vilkåret er oppfylt.

Det andre vilkåret er at det har skjedd ei avhending som ledd i omsetnad. Ole har kjøpt kravet av Kari, og det føreligg følgjeleg ei avhending som ledd i omsetnad. Vilkåret er oppfylt.

Det tredje vilkåret er at gjeldsbrevet er overlevert. Av faktum følgjer det at Ole fekk gjeldsbrevet overlevert den 1. februar. Vilkåret er oppfylt.

Det fjerde vilkåret er at Ole er i aktsam god tru. Ole må vere i aktsam god tru ved overdraginga. Oles motiv ved overdraginga er å tene kr. 200 000. At han betalte kr. 800 000 for fordringa, kan ikkje leggjast til vekt, då det er vanleg praksis ved omsetnad av fordringar å betale mindre enn pålydande. Ole har heller ikkje positiv kunnskap om korleis Peder har ordna hytteleige-kravet. Han må difor reknast for å vere i god tru ved overdraginga.

Det femte vilkåret er at cesjonsavtalen er gyldig. Det er ikkje noko haldepunkt i faktum som skulle tilseie at cesjonsavtalen ikkje er gyldig. Vilkåret er oppfylt.

Delkonklusjonen er at Ole kan ekstingvere Peders innsigelsar etter §15 2. til fjerde ledd.

Det følger likevel av gbl. §15 (5) at ei motsegn ikkje går tapt, når mottakaren "kjenner det omstende" som ho blir bygd på, eller "bør ha mistanke om det".

Spørsmålet vert difor om Ole kjenner, eller bør ha mistanke, om det omstende Peders innsigelse vert bygd på.

Av faktum følger det at Oline hadde åtvare Ole om at det var uklart om Peder hadde gjort nedbetalingar på restsummen, og korleis han hadde tatt seg betalt for bruken av hytta. Då Ole fekk vite dette av Oline, vart han ikkje uroa.

Peders innsigelse dreiar seg om det Ole vart fortalt om av Oline. Han har med andre ord blitt positivt fortalt at det kan vere noko i forholdet som han bør vere oppmerksam på. Dette bør vekke mistanke hos ein aktsam vanleg person. Det leggjast difor til grunn at Ole hadde mistanke om omstendene Peders innsigelsar byggjer på.

Delkonklusjonen er at Peders innsigelse ikkje har gått tapt.

Konklusjonen er at Peder har nedbetalingsinnsigelsane i behald.

Subsidiært:

Peder krev subsidiært å motrekne med krava han har for hytteleige mot Ole, føresett at han ikkje har innsigelsane i behald.

Det rettslege grunnlaget for å løyse tvisten er gbl. §18. For å avgjere om det er første eller andre ledd som kjem til anvending må ein avgjere om krava er konnekse.

At krava er konnekse betyr at dei stammar frå samme rettshøve.

Høgsterett uttalte i Rt. 1992 s.504 at det må påvisast eit "tilknytningsforhold" mellom krava som "gjør det rimelig" å seie at krav etter avtalane er oppstått i same rettsforhold. I dommen legg Høgsterett vekt på tre vurderingsmoment.

I dommen vart avtalane inngått på forskjellige tidspunkt. I denne saka oppstår krava på forskjellige tidspunkt. Dette talar mot at krava er konnekse.

Vidare legg Høgsterett vekt på om krava stammar frå same prosjekt. Hovudkravet er eit hyttelån, medan motkravet er ubetalt leige for bruk av hyttelånet mellom Kari, som opprinneleg kreditor, og Peder. Dette momentet talar for at krava er konnekse.

Det siste momentet er at det føreligg eit løpande forretningsforhold. Det kan ikkje hevdast at det føreligg her. At det føreligg eit forretningsforhold tilseier at det må vere ein grad av næringsverksemd. Det er klart at det ikkje føreligg mellom Peder og Kari.

Sjølv om ikkje alle momenta Høgsterett la vekt på i Rt. 1992 er klart oppfylte må det kunne seiast at krava er konnekse. Det er eit klart tilknytningsforhold mellom eit hyttelån og bruk av same hytta av kreditor. Det må difor kunne leggjast til grunn at dei stammar frå same rettsforhold.

Delkonklusjonen er at krava er konnekse. Motrekningsspørsmålet regulerast difor av gbl. §18 (2).

Av gbl. §18 (2) følgjer det at motkrav som reiser seg frå det same rettshøvet som gjeldsbrevskravet, følgjer likevel dei reglane som gjeld om motsegner frå dette høvet. Ein alminneleg språkleg forståing av dette tilseier at bestemmelsen viser tilbake til §15 femte og fjerde ledd som gir debitor moglegheita til å kunne motrekne.

Delkonklusjonen er at Peder kan motrekne mot Ole.

Konklusjonen er at Peder kan motrekne mot Ole, føresetts at han ikkje har innsigelsane i behald.